



STRAND KOMMUNE



TEMAPLAN

FOR KULTURMINNE & KULTURMILJØ

2018 - 2022

Innhold

Temoplan for kulturminne og kulturmiljø

1. Innleiing.....	3
2. Bakgrunn.....	5
Plantype og avgrensinger.....	5
Mål.....	5
Definisjoner - Omgrep som vert brukte i planen.....	6
3. Kulturminne i Strand.....	9
Automatisk freda kulturminne.....	9
Kulturlandskap.....	13
Verneverdige bygningar.....	17
Kulturmiljø.....	28
Marine kulturminne.....	34
Samferdsle.....	36
Krigsminne.....	38
Næring og industri.....	40
Jørpeland - Kraftasjonen i Dalen, Stålverket og Svenskebyen.....	46
Immaterielle kulturminne - stadnamn og stadar.....	52
4. Handlingsprogram - prioriterte tiltak.....	54
5. Plan og lovverk.....	56
6. Kart.....	59
7. Kjelder.....	79



STRAND KOMMUNE



Gravrøys på Jørpelandsholmen

(Foto - Reidunn Lea Botnehagen)

Målsetjingane med kulturminneplanen er å skape nysgjerrigkeit blant barn og vaksne om historia vår, samt å bevare og fremje kulturminna for framtida.

1. Innleiing

Vi kan seie at kulturminne er objekt som kan fortelje oss om korleis folk har levd, men det kan også vere objekt som viser folk sine levemåtar og drifta deira av landskapet i dag.

Kulturminne kan vere fysiske spor etter busetnad, nærings- og handelsverksemd, kyrkjer og skulebygg. Kulturminne kan også vere stader eller formasjonar i landskapet som er knyta til religion eller tradisjon. Vidare deler vi kulturminna inn i materielle og immaterielle kulturminne, der den sistnemnde gruppa kan vere eksempelvis stadnamn.

Kulturminneplanen for Strand kommune tek i store trekk føre seg faste kulturminne - både dei som er automatisk freda, altså dei som kan daterast til tida før Reformasjonen i 1537, og dei som er frå nyare tid. Det er også eit avsnitt om stadnamn og stader i landskapet.

Planen skisserer korleis kommunen, gjennom målsettingar og tiltak, ønsker å ta vare på og formidle desse kulturminna i eit langsiktig perspektiv, i samarbeid med grunneigarar, privatpersonar, skular og turistnæring.



STRAND KOMMUNE

Målet vårt har vore å lage ein kulturminneplan som skal invitere til "allmenn" lesing og interesse og skape begeistring for dei kulturminna ein har. Planen skal også vere ei oversikt og eit hjelpe middel i samband med arbeid med reguleringsplanar og i rullering av kommuneplanen.

Nokre av tiltaka som er skisserte i planen, går på formidling av kulturminna, gjerne i form av pedagogiske opplegg for barn og skuleelevar. Slik håpar vi at også barn og unge skal få betre kjennskap til, og del i, kulturminnearven i sine nærmiljø. Når ein no har denne planen i hende, kan det vere kulturminne som ein saknar og som ein meiner burde vere med. Denne planen er ein start - og dannar utgangspunkt - for vidare arbeid med innsamling og bevaring av kulturminne.

Planen skal rullerast kvart fjerde år. Det vil seie at oversikta ikkje er uttømande – og andre kulturminne kan vere aktuelle å ta inn ved neste rullering. Planen har status som ein temaplan.

Tekstdelen i planen munnar ut i ein fireårig tiltaksplan, som vil bli kopla opp til økonomiplanen ved årleg rullering. I tillegg til tekstdelen inneheld planen eit plankart, kart som syner kvar dei ulike kulturminna ligg og mindre kart over områda som er vedtekne som omsynssonar.

Temaplan for kulturminne og kulturmiljø for Strand kommune 2018 – 2022 er den første kulturminneplanen som er laga i Strand kommune.



Tunet på Prestegarden

(Foto - Angunn Skeiseid)



STRAND KOMMUNE

2. Bakgrunn

Riksantikvaren som er direktoratmyndigheit for kulturminne oppmoda gjennom KIK-prosjektet (Kulturminne i kommunen), kommunane til å söke om støtte til få utarbeida ein kulturminneplan. Strand kommune sökte om, og fekk innvilga, kr 100 000,- til utarbeiding av denne planen. Gjennom arbeidet med å lage ein kulturminneplan får kommunen sett temaet på den politiske dagsordenen. Planen gjer folk i kommunen kunnskap om lokalhistorie samstundes med at ein får prioritert kulturminna som ein vil ta vare på for framtida.

Plantype og avgrensingar

Strand kommune har valt å lage kulturminneplanen som ein temaplan. Dette betyr mellom anna at ein ikkje treng å følge alle saksbehandlingsreglane i plan- og bygningslova. Medverknad og politisk involvering og forankring har likevel vore viktig. Arbeidet med planen har vorte leia av ein prosjektleiar, som har hatt jamleg kontakt med representantar frå kommunen si kultur-, bygg og eigedom- og planavdeling samt ei arbeidsgruppe sett saman av historisk og kulturelt interesserte og kompetente innbyggjarar.

Kulturminneplanen skal vere ein temaplan for heile kommunen, det vil seie at det har vore fokus på at alle bygdelag i kommunen skal vere representerte med eitt eller fleire verneverdige kulturminne. Automatisk freda kulturminne, landbruk, kulturlandskap, bygningar, kyrkjegardar og kyrkjer, marine kulturminne, kommunikasjonsårer, industri og vassdrag, er tema som vert dekka i planen. For å sikre kulturminne og –miljø etter plan- og bygningslova, må dette følgast opp i seinare og eventuelle reguleringsplanar, og takast inn i kommuneplanen sin arealdel. Det er eit mål at planen skal vere førande for byggesaks- og planbehandlinga i kommunen.

Mål

Hovedmål

Kulturminneplanen skal gje ei god oversikt over kva for kulturminne ein har i Strand kommune og som ein meiner det er viktig å ta vare på. Det er eit ønske at planen og kulturminna skal føre til auka merksem og interesse kring kulturminna i kommunen – for innbyggjarane – samt at planen skal stimulere til ei god og langsigktig forvalting av kulturminneverdiane i den kommunale arealplanlegginga.

Delmål

- Auke kunnskapen om, og skape begeistring for, kulturminna ein har i nærområdet sitt.
- Stimulere til bevaring og istandsetting av kulturminna.
- Forenkle og auke kompetansen for kommunalt tilsette som arbeider med plan- og byggesaker.

Planen skal:

- Gi eit oversyn over kulturminna i kommunen som speglar mangfaldet og tidsdjupna i landskapet.
- Bidra til få auka kunnskapen om, og merksemda rundt kulturminna, som igjen kan bidra til auka interesse og begeistring for kulturminna og kulturlandskapa ein har i sitt nærmiljø.
- Vere ei oversikt for kommunen sine planleggjarar i arbeid med arealplansaker og byggesaker.
- Bidra til å sikre at kulturminna vert integrerte og tekne vare på i samband med kommunal arealplanlegging og kommunale planvedtak.
- Bidra til å sikre at fleire kulturminne skal gjevast eit vern gjennom plan- og bygningslova med tilpassa vernebestemmingar.

Definisjonar – omgrep som vert brukte i planen

I kulturminnelova av 9. juni 1978 §2 blir kulturminne og kulturmiljø definert slik:

«*Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.*»

Automatisk freda kulturminne:

Alle kulturminne frå før reformasjonsåret 1537. Desse vert også kalla forminne. Til dømes gravhaugar, bautasteinar, førhistoriske rydningsrøyser. Ståande byggverk frå perioden 1537 til 1649 er også automatisk freda.

Vedtaksfreda kulturminne:

Gjeld freda kulturminne frå nyare tid. Miljøverndepartementet ved Riksantikvaren må fatte særskilte vedtak om freding av desse etter kulturminnelova §15.

Verneverdig kulturminne:

Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er fyrst og fremst desse som blir freda etter kulturminnelova.

Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova. Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.

Kulturlandskap:

Landskap, også bylandschap, som er påverka av menneskeleg verksemd gjennom landbruk, busetnad og tekniske anlegg.

Kulturmiljø:

Område der kulturminne inngår i ein større heilskap eller samanheng. Også naturelement med kulturhistorisk verdi kan inngå i eit kulturmiljø.



Kvernhusa på Tau

(Foto - Kristofer Ryde)

Omsynssone for bygg, kulturminne med meir som skal bevarast

(H570) Tidlegare spesialområde bevaring)
Kulturminne, anlegg og kulturmiljø som er sikra eller skal sikrastvern gjennom regulering etter plan- og bygningslova (§11-8 bokstav c) og § 12-6. Ei slik typeregulering har kommunen som planmyndighet høve til å gjere.

SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne)

er eit landsdekkande register over eldre bygg og andre kulturminne. Tidsavgrensinga for SEFRAK-registrerte bygg og anlegg er sett frå 1537 – 1900. Det at ein bygning er registrert i SEFRAK gjev det ikkje automatisk vernestatus, og det er heller ikkje alle bygg som har restriksjonar med omsyn til kva ein skal gjere med huset. Registeret opererer med tre ulike verneklassar:

Bygningar og anlegg i vernekasse A:

Verneverdige kulturminne som er aktuelle for sikring ved formelt vern gjennom freding eller ved regulering til omsynssone. Svært høg alder, kombinert med stor grad av autentisitet, vil ofte aleine kunne gje grunnlag for plassering i klasse A.

I Strand kommune er det registrert 23 bygningar med vernekasse A, men to av desse er rivne i dag.

Bygningar og anlegg i vernekasse B:

Kulturminne som kan vere aktuelle for regulering til omsynssone.

Bygningar og anlegg i vernekasse C:

Kulturminne som berre bør bli underlagde generelle bestemmingar i plan- og bygningslova.



Frå Idse

(Foto - Angunn Skeiseid)

Midtgangshus:

Hustype frå 1800-talet og utover. Symmetrisk bygde hus der ein kjem inn i ein gong, som eventuelt kan vere i kombinasjon med eit kjøken. Det låg ei stove på venstre side og ei på høgre side, og innanfor stovene kunne det vere kammers. Det symmetriske formspråket har gjort at denne byggemåten vart kalla "bygde-empire". Det viser seg at slike hus ofte har ein noko eldre del som bestod av tre rom: gong, stove og kammers.

Sveitsarhus:

ca. 1870-1910. Dette var ein type hus som kunne vere radikalt annleis enn husa som representerer gammal norsk bygeskikk. Husa fekk større rom og større etasjestorleik – meir lys og luft var ideale. Det som i mange tilfelle særmerker sveitserhusa er mellom anna store takutstikk, framheving av gavlar og dekorative element med flotte utskjeringar og mønster på eksteriøret. Krysspostvindauge med fire eller seks fag var vanleg.

Listeførte kyrkjer:

Alle kyrkjer som er bygd mellom 1650 og 1850 er listeførte. I tillegg er det ei rekke kyrkjer som er bygd etter 1850 som også er listeførte. At ei kyrkje er listeført vil seie at ho vert definert som så verneverdig at ho har nasjonal verdi. Ho skal såleis behandlast med like stor respekt som ei freda kyrkje. Listeførte kyrkjer skal behandlast i medhald av det såkalla kyrkjerundskrivet (T-3/2000) som fastset forvaltings- og saksbehandlingsrutiner for desse kyrkjene (*sjå www.ra.no for meir info*).

Freding:

Skjer ved einskildvedtak heimla i Kulturminnelova og vert gjort av Riksantikvaren.

Fylkeskommunen kan setje i gang mellombels freding dersom viktige kulturminne står i fare for å bli øydelagde.

Verning:

Skjer ved at ein tek i bruk "omsynssone" og særlege bestemmingar som er heimla i Plan og bygningslova.

Dette blir gjort av kommunen i samband med reguleringsplanar og i kommuneplanen.



STRAND KOMMUNE



Helleristningsfeltet på Solbakk

(Foto - Kristofer Ryde)

Helleristningsfeltet vart oppdaga i 1923. Feltet består av i alt 40 figurar, dei fleste viser båtar og ringar.

3. Kulturminne i Strand

Automatisk freda kulturminne:

Automatisk freda kulturminne - fornminne - er som tidlegare nemnt alle kulturminne frå før 1537 og alle ståande byggverk frå 1537-1649. I utvalet av desse er det lagt vekt på kor spesielle og/eller sjeldne dei er i kommunen, og i ein større regional samanheng. Vi har også sett på grad av tilgjenge for allmugen og i kor stor grad opplevings- og kunnskapsverdien er teken vare på. Eksempelvis om kulturminna ligg i område med turstiar eller om det bør vurderast å lage slike.

Helleristningane på Solbakk (gnr.41 bnr.59. Kart: 1)

Helleristningsfeltet vart oppdaga i 1923. Feltet består av i alt 40 figurar, dei fleste viser båtar og ringar.

Bygdeborg – Borgåsen (Askeladden ID 5432) (Kart: 2)

Bygdeborger er enkle festningsanlegg, som gjerne vart lagde på små og bratte fjelltoppar, utilgjengeleg frå fleire kantar. Forsvarsverka bestod som regel av enkle tørrsteinsmurar, truleg forsterka med palisadar. Ein går ut frå at dei fleste bygdeborgene kan daterast til romartid/folkevandringstid. Dei ligg gjerne på stader som har hatt strategisk betydning og god utsikt.

Bygdeborga på Nordmarka har vidt utsyn til alle kantar, berre ikkje mot sør aust

Voster kyrkjestad, gnr. 5 bnr. 26 (Kart: 3)

Kyrkja som sto på Voster, skal ha vore den eldste i Strand. Det er ikkje gjort arkeologiske undersøkingar her, og vi har heller ikkje andre kjelder som kan fortelje noko sikkert om når ho vart reist. Etter Svartedauden vart det därlege tider for mange av kyrkjene i landet, og mange kyrkjestader vart nedlagte. Ein grunn til dette var at mange døydde av pesten og såleis gjekk inntektene (landskuld og andre inntekter) til kyrkjene ned. Skriftlege kjelder tyder på at kyrkja på Voster må ha stått til etter 1519, då det då er nemnt ein prest i Voster. Kyrkja skal ha brunne opp i samband med tjørebrenning. Det var meininga å reise ny kyrkje på staden, men tømmeret sokk i Vostervatnet og dermed vart det ikkje reist ny kyrkje (Alsvik 1995).

Sidan det har vore kyrkje på Voster, tyder det på at dette har vore ein velståande gard. Gardsnamnet tyder "varme" og det må koma av at garden ligg på ein nokså lun stad, med gode vekstforhold. I dag er her berre kyrkjegard på staden, men området er verna som eit automatisk freda kulturminne – mellomalderkyrkjegard.



Voster kyrkjestad

(Foto - Kristofer Ryde)



STRAND KOMMUNE

Skål gropene i Kuvika (Nag) (AskeladdenID 44933) (Gnr. 41, Bnr. 11. Kart: 52)

Dei 19 skål gropene i Kuvika er truleg frå bronsealderen. Dei fleste er uklårt markert og sterkt forvitra. Skål gropene har ein diameter på 3-7 cm og er 0,5 til 3,5 cm djupe. Det er usikkert kva funksjon og meiningskål gropene hadde, men ein trur dei kan ha vore symbol på kvinneleg fruktsemd. I same område ligg det også ei gravrøys frå vikingtida.

Båtstø-anlegg i Kuvika (Nag) (AskeladdenID 54239-1) (Gnr. 41, Bnr. 1,11,15 og 17,. Kart: 53)

Naustufta i Kuvika er datert til jernalderen då det truleg vart nytta i samband med fiske. Med ei lengd på 20 meter og breidde frå 7,5 til 9 meter kunne det husa temmeleg store båtar.

Helleristningane i Litlevik (Nag) (AskeladdenID 24593-1) (Gnr. 41, Bnr. 11. Kart: 54)

Dei tre skipsfigurane og hjulkorset i Litlevik er datert til bronsealderen. Skipa har mannskapsstreker og rellingslinjer. Alle ristningane er raudmalte.

Bautasteinen på Nag (Askeladden 72269-1) (Gnr. 41, Bnr. 10. Kart: 55)

Bautasteinen på Nag er godt synleg frå riksveg 13. Den er frå jernalderen og har truleg hatt ein funksjon knytt til tru, tradisjon eller ei hending. Det er ikkje synlege huggespor på steinen, men ein kan ikkje utelukka at dette har vore ein runestein der runene no er erodert vekk.



Bautasteinen på Nag

(Foto - Trond Ole Paulsen)



STRAND KOMMUNE



Kopi av Kjøleviksteinen (runestone) (Kart: 4)



Kopi av Kjøleviksteinen

(Foto - Kristofer Ryde)

Originalen vart funnen i 1882 i taket på ein potetkjellar i Kjølevik.. Ein går ut frå at steinen har blitt reist på ein (førhistorisk) gravstad i nærleiken. I 1883 vart Kjøleviksteinen flytta til Universitetet i Oslo der den vart undersøkt ved arkeologisk institutt.

Steinen har inskripsjon og er blitt tolka som følgande:

"Haduleik (kviler her). Eg, Haugstald, gravla sonen min i denne haugen"

Runene som er brukt, indikerer at steinen er svært gammal, frå perioden 400-450 e. Kr., altså frå folkevandringstida. Kåre Tveit har laga kopien, som vart sett opp i 1982.

(Førhistoriske gravminne og kulturlandskapet på Strand (sjå "Kulturlandskap))

Målsettingar:

Å få til god tilrettelegging og formidling av seks utvalde fornminnefelt/kulturlandskap: Solbakk, Kuvika/Nag, Borgåsen/Nordmarka, Jørpelands-holmen (sjå kap. om kulturlandskap), Voster kyrkjested og kulturlandskapet på Strand.

Tiltak:

- Skilte alle av fornminnefelte, og oppgradere eventuelle turstiar
- Utarbeide ein skjøtselsplan for alle fornminnefelt i samråd med grunneigarane.
- Utarbeide eit pedagogisk opplegg rundt kulturlandskapsfeltet på Strand.

Referansar – for vidare lesing:
Lødøen, T. og Mandt, G. 2004.
Bergkunst. Helleristningar i Noreg. Samlaget.



STRAND KOMMUNE



Gravhaug på kyrkjegården på Strand

(Foto - Kristofer Ryde)

*Langs heile høgdedraget frå Presta-Varhaug lengst i nord ligg det fleire gravminne. Ca 60 meter frå kyrkja ligg ein stor rundhaug som er 24 meter i tverrmål og 3 meter høg. Den ligg ruvande til med fantastisk utsyn og innsyn. Ut frå form og storleik kan haugane truleg daterast til jernalder.
(500 f. Kr – 1000 e. Kr.)*

Kulturlandskap

Ein vid definisjon av "kulturlandskap" er "et landskap som på ulikt vis er preget av menneskelig virksomhet". Slik vi fysisk ser landskapet er det et resultat av bruk av området gjennom generasjonar, og ein kan finne kulturspor frå ulike periodar. Kulturlandskapet og elementa som finst i det, kan spegle både samfunnsforhold og den historiske/"tematiske" bruken av området.



Førhistoriske gravminne og kyrkjestaden på Strand (Kart: 5)

I skriftlege kjelder står det at det har vore kyrkje på Strand frå rundt 1280, sannsynlegvis har det vore kyrkje her før den tid også. Det har ikkje vore arkeologiske utgravingar på staden og vi veit såleis ingenting om dei første kyrkjebygga, og heller ikkje kvifor det vart rive på 1620-talet.

Den noverande Strand kyrkje vart byrja bygd i 1873. Ho er bygd som ei langkyrkje av tømmer med saltak og liggande panel. Denne kyrkjetypen fekk tilnamnet Linstow-kyrkje, då det var slottsarkitekt Linstow som sto for typeteikninga. Det er likevel arkitekt Fredrik von der Lippe som kan krediterast som arkitekt for kyrkja på Strand.

Strand kyrkje og kulturminna i området utgjer eit vakkert kulturlandskap med ei stor tidsdjupne. At det på Strand-garden er fleire gravhaugar, at kyrkja vart bygd her og at garden har gjeve namn til soknet og seinare kommunen Strand, vitnar om ein velståande gard.



Strand kyrkje

(Foto - Kristofer Ryde)



STRAND KOMMUNE



Hustufter på Løbrekk

(Foto - Kristofer Ryde)

Løbrekk (Kart: 6)

Om lag 350 meter frå kyrkjestaden på Strand ligg Løbrekk, ein gard frå folkevandringstida. Det er hustufter, gardfar og gravhaugar her, og dei ligg i eit flott kulturlandskap.

På feltet er det restar etter fem hus som er mellom 34 og 6 meter lange og mellom 5 og 7 meter breie. Dei fire lengste husa ser ut til å ha vore delte inn i to rom, eitt for folk og eitt for dyr.

Dei to lengste husa er mest sannsynleg frå folkevandringstida, 400-600 e. Kr.

Funn av keramikk indikerer ei slik datering. Dei to minste husa er ut frå form vurderte til å vere frå høgmellomalderen. (1000-1350 e. Kr.)

Gravrøyser og steinalderlokalitet på Jørpelandsholmen (Kart: 7)

Samstundes med omreguleringa av Jørpelands-holmen til friareal i 2015 vart det utført arkeologiske registreringar i området.

Arkeologane frå Rogland fylkeskommune påviste 7 røyser som vart vurdert som gravrøyser. (Askeladden id.214046) Det vart og registrert ein ny steinalderlokalitet. (Askeladden id.214045)

Jørpelandsholmen er særskilt interessant som kulturlandskap på grunn av tidsdjupna som spenn frå steinalder og heilt fram til nyare tid.



Gravrøyser på Jørpelandsholmen (Foto - Angunn Skeiseid)

Prestegarden, gnr. 31 bnr. 1. (Kart: 8)

Prestegarden vart oppført i 1866 og ligg på eit markant høgdedrag i landskapet opp av Tau. Prestegarden var ein stad med nyheiter og impulsar, og for mange eit "vindauge ut til verda" utanfor bygda, samt at ein her kunne ligge foran innan tekniske nyvinningar på landbruksfeltet. Slik sett spelte prestegardane ei heilt sentral rolle for mange lokalsamfunn. I tilknyting til prestegarden ligg ein stor, opparbeidd hage. I 2016 flytta den siste presten frå garden.

Målsettingar:

Når det gjeld prestegarden kan ein vurdera om Strand kommune skal kjøpe den, slik at han i neste instans kan nyttast til ulike kulturelle aktivitetar og innlemmast i kulturstien.

Når det gjeld målsetting og tiltak for Løbrekk og Jørpelandsholmen: Sjå automatisk freda kulturminne.

Tiltak:

- Oppgradere og setje i stand prestegarden og legge den inn som del av kulturstien.



Prestegarden

(Foto Kristofer Ryde)



STRAND KOMMUNE

Verneverdige bygningar

På midten av 1970-talet vart det starta eit nasjonalt prosjekt for å få registrert alle bygningar frå før 1900. Bakgrunnen var at fleire kulturminal var rivne eller øydelagde, og mykje informasjon om gammal bygningsarv gjekk tapt. Registreringa sette sørkelys på, og var eit verktøy for å motverke denne negative utviklinga. Arbeidet vart leia av Sekretariatet for Registrering Av Faste Kulturminne – SEFRAK.

I Strand kommune er det registrert 24 (ståande) objekt som har status som A-objekt. 2 A-objekt er rivne etter registreringa.

Nedanfor ser ein bygningar, og tun i Strand kommune som er vurderte som SEFRAK A-objekt



Våningshus, Døvigå

(Foto Kristofer Ryde)

Våningshus, Døvigå, gnr 67 bnr 2. SEFRAKnr.: 11300211018. (Kart: 9)

Bygd i 1870-åra. Midtgangshus. Er prega av sterkt slitasje dei siste åra.



Våningshus , "Bakken".

(Foto - Kristofer Ryde)

Våningshus, Fiskå ("Bakken"), gnr 6 bnr 89, SEFRAKnr.: 11300210023. (Kart: 10)

Er sannsynlegvis bygd mellom 1875 og 1900. Ein del av huset skal vere flytta frå Suldal, då det var ei jente frå Suldal som gifta seg til Fiskå og tok med ein del av eit hus på flyttelasset.



Eldhus, "Bakken"

(Foto - Kristofer Ryde)

Eldhus, Fiskå ("Bakken"), gnr 6 bnr 89., SEFRAKnr.: 11300210024. (Kart: 11)

Er bygd mellom 1875 og 1900. Hadde opphavleg ein skorstein, men denne er riven no.



Sveitsarvilla ("Fredheim") på Fiskå

(Foto - Kristofer Ryde)

Sveitsarvilla ("Fredheim"), Fiskå gnr 6, bnr 2, SEFRAKnr.: 11300210018. (Kart: 12)

Skal vere bygd rundt 1905 i sveitsarstil. Rik sveitsarstildekor. Huset har i dag ei litt "konfliktfylt" og innestengd plassering med tanke på industribygningane nedanfor.



Sveitservilla, Vervik

(Foto - Kristofer Ryde)

Sveitsarvilla, Vervik, gnr 9, bnr 1, SEFRAKnr.: 11300209016. (Kart: 13)

Bygd i 1905 i sveitsarstil. Rik sveitsarstildekor. Hadde opphaveleg to piper.



STRAND KOMMUNE



Landskap ved Brattsteinen

(Foto - Angunn Skeiseid)

Våningshus/Folgehus, Vervik (Brattsteinen), gnr 9, bnr 3. (Kart: 14)

Bygd ca 1870/1880. Kammers og ny inngang vart bygd i 1935.

Uthus, Vervik (Brattsteinen), gnr 9, bnr 3, SEFRAKnr.: 11300209030. (Kart: 15)

Våningshus, Ugeli, gnr 15, bnr 1, SEFRAKnr.: 11300205002. Kart 16.

Er veldig modernisert dei seinare åra og er svært ulikt slik det var ved SEFRAK registrering.



Folgehuset på Ugeli.

(Foto - Kristofer Ryde)

Folgehus, Ugeli, gnr 15, bnr 1, SEFRAK nr.: 11300205001. Midtgangshus. (Kart: 17)



STRAND KOMMUNE



Eldhus/uthus på Ugeli

(Foto - Kristofer Ryde)

Eldhus/uthus, Ugeli gnr 15, bnr 1, SEFRAKnr.: 11300205004. (Kart: 18)

Er bygd ca 1870. I følge planteikningane var det eldhus til venstre (med skorstein), utedo i midten og vedhus til høgre. Teglsteinspanner på taket.



Våningshus, Tau

(Foto - Kristofer Ryde)

Våningshus, Tau gnr 16, bnr 52, SEFRAKnr.: 11300205008. (Kart: 19)

Skal vere bygd ca 1700. Midtgangshus. Tidlegare var huset omkransa av store tre og inngjekk i eit kulturmiljø.

Tou brug (sjå under Tou brug)

Tou Brug, gnr 16, bnr 9. SEFRAKnr.: 11300203004 (Direktør bustaden) og 11300203011 (Silo til kraftfor ved Tou Brug).



Kvernhus, Tau

(Foto - Kristofer Ryde)

Kvernhus, Tau, gnr 16, bnr 9, SEFRAKnr.: 11300203010 (Kart: 20)

Bygd ca. 1800, restaurert 1975



Kvernhus, Tau

(Foto - Kristofer Ryde)

Kvernhus, Tau, gnr 16, bnr 9, SEFRAKnr.: 11300203009. (Kart: 20)

Er bygd ca. 1800, restaurert i 1975/-76. Mur i sør og nord.



STRAND KOMMUNE



Kvernhus, Tau

(Foto - Kristofer Ryde)

Kvernhus, Tau, gnr 16, bnr 9, SEFRAKnr.: 11300203008. (Kart: 20)

Er bygd ca 1800, restaurert i 1976. Utgjer ilag med dei to andre kvernhusa eit fint kulturmiljø i fossen.



Våningshus på Solbakk

(Foto - Angunn Skeiseid)

Våningshus/Lensmannsgarden, Solbakk, gnr 34, bnr 24. SEFRAKnr.: 11300201025. (Kart: 21)

Er bygd rundt 1800 og skal vere flytta til noverande plassering på Solbakk i 1886.
Brukt som lensmannsgard.



Eldhus/uthus på Ugeli

(Foto - Angunn Skeiseid)

Våningshus, Åsen, gnr 39, bnr 2, SEFRAKnr.: 11300201016. (Kart: 22)

Midtgangshus. Er prega av slitasje og manglante vedlikehald.



Våningshus, Tau

(Foto - Angunn Skeiseid)

Våningshus, Åsen, gnr 39, bnr 2, SEFRAKnr.: 11300201014. (Kart: 23)

Huset er flytta fleire gonger, frå Norland, Tau og Ims. Den eldste delen av huset er frå 1600-talet. Skal ha hatt torvtak til ca. 1780.



STRAND KOMMUNE



Våningshuset på Selemork

(Foto: Reidunn Lea Botnehagen)

Våningshus, Selemork, gnr 52, bnr 1, SEFRAKnr.: 11300104001. (Kart: 24)



Naust ved Tungland

(Foto - Angunn Skeiseid)

Naust ved Tungland, gnr 53, bnr 249, SEFRAKnr.: 11300103003. (Kart: 25)

Naustet er bygd på 1800-talet. Vart flytta til noverande stad frå Botne rundt 1900. Innskrift på bjelkar innvendig viser gamle måleiningar.



STRAND KOMMUNE



Våningshus på Idse



(Foto: Angunn Skeiseid)

Våningshus, Idse, gnr 63, bnr 10, SEFRAKnr.: 11300101004. (Kart: 26)

Er bygd som midtgangshus. Bilde til høyre: Nærast klyngeturstruktur på Idse-garden



Våningshus Idse

(Foto - Angunn Skeiseid)

Våningshus, Idse, gnr 63, bnr 5, SEFRAKnr.: 11300101001. (Kart: 26)

Er bygd rundt 1760.



STRAND KOMMUNE



Tun på Erland - Løa i bakgrunnen

(Foto - Angunn Skeiseid)

Løe, Erlandsdalen gnr 60 bnr 2, SEFRAKnr.: 11300102033. (Kart: 27)

Løa skal vere bygd ca 1875. Våningshuset er registrert som eit SEFRAK B-objekt og bygga dannar såleis eit lite kulturmiljø.

Målsettingar:

Ta vare på alle dei ståande SEFRAK A bygg og andre verneverdige bygg.

Tiltak:

- Opprette bygningsvernpris som skal delast ut når det er verdige kandidater.
- Frita eigarar av verneverdige bygg for eigedomsskatt.
- Ha oversikt over og informere eigarar om eksterne støtteordningar og bidra i søknadsprosessar.
- Lage gode rutinar for saksbehandling i samband med søknader som gjeld tiltak på A bygg og andre viktige kulturminne.
- Vurdere regulering av spesielt verneverdige bygningar/kulturmiljø til omsynssonar ved utarbeiding av reguleringsplanar/rullering av kommuneplanen.



STRAND KOMMUNE



Tun på Tungland

(Foto - Angunn Skeiseid)

Kulturmiljø

Dette er bygningar og miljø som ikkje er klassifiserte som A-objekt, men gjerne B eller C, eller ingen av delane. Dei står likevel fram som så viktige at ein ikkje bør miste dei, og dei kan gjerne vere aktuelle til regulering som omsynssone.

Tun på Tungland – våningshus, uthus og løe. (Kart: 28)

Gnr 53, bnr 177, SEFRAKnr.: 11300103005

Våningshuset er truleg bygd tidleg på 1800-talet og har framleis originale vindauge.

SEFRAKnr. Uthus: 11300103007

Bygd ca. 1890.

SEFRAKnr. Løe: 11300103006

Bygd i 1896. Kvisten på løe er bygd på rundt 1936.

Husa og tunet utgjer eit særskilt kulturmiljø.



Våningshus på Tungland

(Foto - Angunn Skeiseid)



STRAND KOMMUNE



Våningshuset på Vatnegarden

(Foto - ukjend)

Wathne-garden, gnr 56, bnr 1. (Kart: 29)

Garden ligg like nedanfor det som i dag er Prekestolen fjellstove. Garden vart selt til Stavanger turistforening i 1946. I dag er det berre våningshuset som er i bruk av dei gamle gardsbygningane. Dei andre bygga er enten rivne eller har falt saman.

Det gamle gardshuset er truleg oppført på 1700- eller tidleg på 1800 talet. STF har planar om å bygga opp att Vatnegarden slik han har vore (Ellefson Hus 2005).

Lærarboligen Fjeldshagen, Jørpeland, gnr 44, bnr. 28. SEFRAKnr.: 11300108002. (Kart: 30)

Huset frå 1901 vert på folkemunne kalla «frøken Bryn-huset» etter lærar Margrete Bryn som budde der. Med sin sentrale plassering nær sentrum av Jørpeland og nær skuleområdet på Resahaugen, har bygget verdifullt potensiale som kulturformidlingsarena, men det er planer for skuleutbygging i området som kan koma i konflikt med dette. Formannskapet vedtok i juni 2016 at Frøken Bryn-huset skal flyttast dersom det kjem i vegen for skuleutbygginga. Frøken Bryn-huset er i SEFRAK B-kategori.



«Frøken Bryn-Huset»

(Foto - Trond Ole Paulsen)



STRAND KOMMUNE

Målsettingar:

Bevare tunet på Tungland som kulturmiljø. Ta vare på frøken Bryn-huset og få formidla historia til Wathne-garden for besøkande.

Tiltak:

- Definere tunet på Tungland som omsynssone ved neste rullering av kommuneplanen
- Flytte frøken-Bryn huset om det skulle koma i konflikt med planane for utbygging i området.
- Bidra til å få sett opp informasjonsskilt om historia til Wathne-garden og slik få synleggjort garden si historie for alle turistane som besøker området.



Offentlege bygg/forsamlingshus

Kyrkje- og bedehuskulturen har opp gjennom tidene stått sterkt rundt om i kommunen. Det er registrert 13 bedehus i kommunen i dag. Bedehus og skule var gjerne "limet" i dei små lokalsamfunna og på grunn av lange avstandar og därlegare kommunikasjonar enn i dag, var det såleis vanleg at nærmast kvart bygdelag hadde sine forsamlingshus.

Nedanfor er eit utval skule- og bedehusbygg som står som gode representantar for denne delen av kulturhistoria til Strand.

Skulehuset Breidablikk (Kart: 31)

Frå rundt 1910 vart det oppført fleire nye skulehus i kommunen. Eit av desse var Breidablikk, bygd etter lektor O.F. Oldens normalteikning for skulehus. I kjellaren var det sløydrom og i hovudetasjen to romslege klasserom med lager for undervisningsmateriell imellom. Prisen for det nye skulehuset var 35 000 kroner. (Alsvik 1991, s. 368) I 2017 vart huset rehabiliterert utvendig, og fram til i dag har bygget vore nytta som galleri og bygdemuseum.



Skulehuset Breidablikk

(Foto: Kristofer Ryde)



STRAND KOMMUNE



Det gamle skulehuset på Fiskå

(Foto: Angunn Skeiseid)

Skulehus på Fiskå, gnr 6, bnr 37. (Kart: 32)

Det gamle skulehuset på Fiskå vart oppført på ”Veaskudhaugen” i 1886. Grunnflata var om lag 57 kvadratmeter og kosta om lag 1200 kroner. Då det rundt 1899 vart bygd ein ny og litt større skule i skulekrinsen, vart denne gamle skulebygningen selt til Stavanger metallvarefabrikk. Men det har også vore bustadhus. I dag er det skolemuseum i bygningen (Alsvik 1991:180).



Bedehuset på Barkved

(Foto: Angunn Skeiseid)

Bedehuset på Barkved, gnr 43, bnr 36. (Kart: 33)



STRAND KOMMUNE



Kvalvåg Bedehus

(Foto: Angunn Skeiseid)

Bedehuset i Kvalvåg, gnr 61, bnr 1. (Kart: 34)

Målsettingar:

Ta vare på alle bedehusa og skulebygga som ein her i planen vurderer som så verneverdige, og så viktige for Strand si kulturhistorie, at ein ikkje kan miste dei.

Tiltak:

- Strand kommune bidreg med materiale og maling ved oppussingsarbeid/dugnader.
- Vurdere regulering av dei ovannemnde bygga til omsynssone ved neste rullering av kommuneplanen.



STRAND KOMMUNE



Idsal

(Foto: Stiftelsen M/K Idsal)

Marine kulturminne

Idsal

Idsal heitte opphavleg Christine og vart bygd i Great Yarmouth, England i 1874.

I perioden 1890-1915 høyrd fartøyet heime på Karmøy, og hadde truleg tre ulike eigarar. I 1915 vart så fartøyet sold til Peder og Thore Idsal på Idsal, og i 1917 vart fartøyet sold vidare til Stavanger Electro-Staalverk AS og døypt om til Idsal. Stålverket nytta fartøyet til føring av stål og passasjerar mellom Stavanger og Jørpeland. I perioden 1951 til 1970 gjekk Idsal som rutebåt på ruta Sandnes-Dale-Stavanger før Thorvald Idsøe kjøpte fartøyet i 1970 for å nytta det i fraktfart i Rogaland fram til 1982.



Fremad II

(Foto: Ukjend)



STRAND KOMMUNE



Aslakbåten

(Foto: Ørjan B. Berge)

Aslakbåten

Dette er namnet på båtar som vart bygde av båtbyggjaren Aslak Notvik.

Han bygde over 1000 båtar, mest færingar. Aslak-båtane var noko for seg sjølv og ein fann dei i heile Strand, innover i Ryfylke og i Høgsfjordområdet. Båtane var rekna for å vere gode å segle, fine å sjå på og solide på fiskefelta (Alsvik 1991:115).

Målsettingar:

Å få belyst kommunen si maritime historie. Bevare og lagre båtane på forsvarleg vis.

Tiltak:

- Lage ein arena for formidling av den marine kulturarven der Fremad II, Idsal og Aslakbåten gis ein sentral plass og kan oppbevarast forsvarleg.



STRAND KOMMUNE



Kaien i Alsvik

(Foto: Ingunn Skeiseid)

Samferdsle

I tidlegare tider var det sjøen som var hovudsamferdsleåra for folk på Vestlandet – sjøen batt, landet skilde. Slik var det også i Strand. Mange av bygdene hadde vågar og viker der det vart bygd kaiar og der gjerne fjordabåtane var innom med varer og folk. Under ser ein representantar for desse.

Kai - Alsvik, gnr. 13, bnr. 12 (Kart: 35)

I Alsvik kom det ny kai i 1951. Den nye kaien i betong hadde ei kailinje på 17 meter. Etterkvart kom det landhandel og i 1922 eit postopneri. I tillegg var det fleire folk frå Stavanger som fekk seg hytter innover i Årdalsfjorden, noko som auka trafikktalet, særleg om sumaren.



Ferjekaien på Tau

(Foto: Ingunn Skeiseid)

Ferjekaien på Tau (Kart: 36)

Det har vore bryggje og kai på Tau i mange år. Hausten 1951 stod ny ferjestø ferdig og den vart opna i april 1952. Ferjestøa var ein viktig del av Ryfylkevegen, og staten hadde såleis gjeve økonomiske bidrag til ferjekaien.

Ola Østerhus, eller på folkemunne Ola Buss, hadde bygd opp eit godt tilbod med bilruter i Strand. Bussane ”mata” båtane på Tau med passasjerar og dette var med på å presse fram

behovet for eit skikkeleg ferjetilbod og –kai (Tjeltveit 1993:37). I 2019 opnar Ryfast, som vil gje Strand og resten av Ryfylke ferjefritt samband med Nord-Jæren. Då vert det slutt på ferjedrifta på Tau.

For vidare lesing: Bygda sitt hjarta. Båtstoppestader i Ryfylke av Njål Tjeltveit.

Vegfar, Nag, gnr 41, div. bnr. (Kart: 37)



Gardsvegen på Nag

(Foto: Ingunn Skeiseid)

Målsettingar:

Ta vare på kaiane og gardsvegen på Nag som vitnesbyrd om viktig samferdslehistorie.

Tiltak:

- Ha jamlege tilsyn med kaiane.
- Syte for at det ikkje vert gjeve tillating til riving av desse, eller omfattande renovering, som øydelegg kaiane sin utsjånad.
- Skilte vegen frå Nag til Solbakk og få fram dei kulturhistoriske verdiane i dette området.



STRAND KOMMUNE



Inngang til bunkers

(Foto: Kjell Arne Valvik/Asplan Viak)

Krigsminne

Tau fort og Tyskarvegen (Kart: 38)

Tau fort var ei strategisk viktig stilling rundt Talgje- og Hidlefjorden. Utbygginga gjekk føre seg frå 1941 og utover. Tau fort var eit nokså stort fort, og mot slutten av krigen var 96 mann fast stasjonerte her for å betene fire kanonstillingar.

Det er lagt opp til å lage turveg i dette området som har stor tidsdjupne, med bygdeborga frå folkevandrings-tid til nyare tids krigshistorie.



Tyskarvegen

(Foto: Kjell Arne Valvik/Asplan Viak)



STRAND KOMMUNE



Bygdeborga på Borgåsen

(Foto: Snorre Walde)

Målsettingar:

Ta vare på og få formidla forsvarshistorie frå eldre jernalder til 2. verdskrigen. Kombinere friluftsliv og historieformidling, fremje folkehelse og historiekunnskap.

Tiltak:

- Utarbeide ein skjøtsels-/formidlingsplan for Tau fort og bygdeborga på Borgåsen i samarbeid med grunneier.
- Lage tursti i området (Tyskarvegen)
- Rydde, sikre, vedlikehalde området og kulturminna.
- Skilte kulturminna.



Kanonstilling med utsikt mot Stavanger

(Foto: Kjell Arne Valvik/Asplan Viak)



STRAND KOMMUNE



Saga i Botne

(Foto: Insert name)

Næring og industri

Saga i Botne (Kart: 39)

Saga kom i drift frå 1908. På det meste var her fire sagbenkar som vart drivne av ein vassturbin på 150 hk. På det meste var det 30 mann tilknytte sagbruket – nokre arbeidde med skogsdrift andre på sjølve sagbruket. Materiale vart eksportert til mellom anna Tyskland og Nederland.



STRAND KOMMUNE



Jørpelands brug

(Foto: Angunn Skeiseid)

Jørpelands Brug (Kart: 40)

Jørpeland sagbruk vart oppretta i 1882. Det kunne vere opptil 30 mann i arbeid her, og dei gjorde alle typar bygningsarbeid. Bruket vart fleire gonger råka av brannar, ein i 1884 og ein i 1891. Det vart bygd opp att og ein starta etterkvar opp som møbelfabrikk.

Her var drift fram til 1910. Då kjøpte Stålverket bygget og brukte det som lager. Det er også fleire lag og organisasjoner som har brukt bygget, til dømes Frelsesarme og speidarane.



Kraftstasjonen på Jørpeland

(Kristofer Ryde)

Kraftstasjonen på Jørpeland (Kart: 41)

Kraftstasjonen i Jørpelandsvågen sto ferdig i 1912. Dei hadde då bygd ein demning ved Skjedhavn og ei røyrgate derifra ned til stasjonen.

Høgdeforskjellen er 74 m og stasjonen hadde ein Francisturbin på 1500 H.K.

(Peder Egeland, www.strandhistorie.no)



STRAND KOMMUNE



Vågabakken den 1. mai 1918

(Foto: Strand historielags samling)

Vågabakken, Jørpeland (Kart: 42)

Vågabakken har alltid vore ei arterie i Jørpelandssamfunnet. Historia om den er godt fortald i dette diktet av Halvdan Magnus Hansen (1953-2003)

Gå Vågabakken

Gå Vågabakken
Gå
Kjenne medgangen på nerveien
Motgangen på oppveien
Kjenne Vågabakkens anatomi

Lokke på en forfløyen hankatt
Lytte til ståket fra westamaranen
som lager vi i vellinga
Høre de gule østerhus-bussene
Ynke seg oppover

De som ikke lenger er østerhus-busser
men Sandnes-busser
eller hva slags buser de nå er

Gå Vågabakken
La blikket stryke husfasadene
Lete etter det vi har blitt fortalt var:



Baker Obstfelders hus
som engang var
Tore Barka sin butikk
som jeg ikke husker
Men den gamle kjøpmannsdiskens hans
står hjemme hos oss nå
og har blitt kjøkkenbenk på sine
gamle dager
30 skuffer med messinghåndtak
Slitt av mange års hender
Fylt med vårt krimskrams
I slagfast plast og ikke isenkram
som det het den gang da

Blinkende og uslitelig isenkram

Gå Vågabakken
Stoppe opp foran det fule bakeriet
som snart detter i hodet på de kåte villkattene
Eneste gjenboere i dette gamle
samvirke-bakeriet
Tenke at herfra gikk det engang
skinner med til sjøen
hvor ungene i gata kunne tjene seg til
en wienerbrød-skalk om de dro vognen
tilbake til butikken
Fullasta med varer heist opp
fra lasterommet på ei frakteskute

Gå Vågabakken
Stoppe opp ved skomaker Alvær sitt hus
Begrepet Alvær
Ildsjel og medmenneske
Søskenbarn til forfatteren Amalie Skram
med fargerik barndom hos Hellemyrsfolket
Hans eget folk
Men likevel, han valgte Vågabakken

Gå Vågabakken
Til Grahams hus
Graham – engelskmannen som satte støkk i
arbeiderne på stålverket
Nå er det ungene sin tur til å sette støkk
i Grahams gjenferd

Gå til Ingvald sitt hus
hvor jeg kjøpte mine beste og billigste piper
den gang jeg led av den lasten

Gå Vågabakken
Høre etterljomen fra Marcelius Pedersen
Det gode mennesket som ikke var redd for å hjelpe om noen satt trangt idet
Han skjønte at kjøpmannsskap også var å gi
Da kunne man få tifold igjen
Et bilde viser han i sort lue med brem
Vakker bart, men uten vipper i endene
Det var ikke tid til fjas når
post og telefon og varer skulle ut

Gå Vågabakken
Stoppe hos Jørpeland Bruk
Den gamle skrotten
som nå hviler trygg på seg selv og framtidia
Nyvasket og frisk i kinnene
etter daglig polering med bløte danske
konsonanter

Sette seg ned
Sitte og tenke:
Vågabakken
- skal vi ta fatt på ny?



Tou Mølle

(Foto: ukjent)

Tau – Tou Brug (Kart: 43)

Når ein kjem med ferja frå Stavanger, kan ein på ein finversdag sjå ein stor kvit bygning frå lang avstand. Det er Tou mølle. Her vart det etablert både mølle og bryggeri. Bakgrunnen for dette var dei gode vassressursane og fossen på Tau, der det var rikeleg med vatn heile året.

Bryggeriet ved Tou Brug kom i drift i 1858 og var eitt av dei største i landet på den tida. Her var topp moderne utstyr. Bryggeriet var bygd i hesteskoform der den nordre fløyen inneheldt kornloft med malteri, i midtpartiet var sjølve bryggeriet med gjærhus og kjellarar og i den søre fløyen var det tappekjellarar samt flaske- og skyllehus.

Det var også laga hensiktsmessige laste- og losseinnretningar som gjorde at produksjonen vart så praktisk som mogleg. Det høyerte også til ei smie til anlegget, ein eigen landhandel, samt to store bygningar, som var bustadhus for arbeidarane.

I 1887 kunne møllene på Tou leve kveitemjøl, ulike sortar rugmjøl og kli, og bryggeriet leverte mange sortar med øl: bayer, export, landliggerøl, husholdningsøl og bockøl. Det var altså ei stor og allsidig verksemd som gjekk føre seg ved Tou Brug.

Tou mølle, Tau, gnr 17, bnr 4, SEFRAKnr.: 11300203011 (Silo til kraftfor ved Tou Brug).

Bryggeriavdelinga på Tau vart nedlagt i 1918 og flytta til Stavanger (Alsvik 1991:262).



STRAND KOMMUNE



Tou Mølle

(Foto: Kristofer Ryde)

Direktørbusstaden, Tau, gnr 16, bnr 9, SEFRAKnr.: 11300203004 (Kart: 44)

Målsettingar:

Bevare bygningar og parkanlegg og arbeide for god formidling av historia knyta til Tou brug og mølleparken.

Tiltak:

- Regulere området til omsynssone
- Lage pedagogisk opplegg knyta til framvekst av industri
- Lage ein (årleg)aktivitetsdag med fokus på industriframvekst i Strand.
- Lage og setje opp informasjonsskilt om Tou brug og parken.




Mølleparken, Tau gnr 16 bnr 9. (Kart: 44)

(Foto: Kristofer Ryde)

Vidare lesing: Alsvik, J. 1994.



STRAND KOMMUNE



Stålverket i 1913.

(Foto: Strand historielags samling)

Jørpeland – Kraftstasjonen i Dalen, Stålverket og Svenskebyen

Jørpeland

Også på Jørpeland var det vassressursar som gjorde det lagleg å starte opp kraftkrevjande industri på Jørpeland.

Ein annan viktig faktor – for interessentane frå Stavanger – var at her var ei isfri hamn. På kort tid vart Jørpeland omforma frå å vere ei vanleg jordbruksbygd til å bli ei industribygd. Den store verda kom til Jørpeland.

Stålverket (Kart: 45)

Bygginga av stålverket – Stavanger Electro-Staalverk - starta i 1911.

Fleire plasser for etablering av eit stålverk var vurdert før Jørpeland, mellom anna Buøy og Gandsfjorden. Men på desse stadene var det ikkje tilgang på kraft og det var ikkje nok areal til bustader og bygg.

Andre fordeler med Jørpeland var den isfrie hamna og nærleik til transportlinjer mot viktige marknader (Maaland 2017:16).

Difor fall valet på Jørpeland!




STRAND KOMMUNE

Verket bestod av hovudavdelingane Stålverket (smelteverk), Støyperiet og Hammarverket, med underavdelingar mekanisk verkstad, modellverkstad og pusseri. Etterkvart kom det også eit valseverk (Maaland 2017:23).

Arbeidsprosessane på Verket kravde spesialisert arbeidskraft og ingeniørar og fagfolk frå utlandet kom flyttande til Jørpeland med familiene sine. Folk kom frå Sverige, Austerrike, Tyskland, Tsjekkia.

Brått var Jørpelandssamfunnet blitt eit internasjonalt samfunn! Også reint fysisk i landskapet førte etableringa av Verket til store endringar.

Frå å ha vore eit vanleg jordbrukslandskap, med gardstun, ekrer, gjerde og gardsvegar, vart store deler av Jørpeland og områda rundt, omforma til det nye – eit industrilandskap, med industribygg i mur i svære dimensjonar, høge skorsteinar, skinnegangar, laboratorium, administrasjons- og bustadhus som var meir byprega i arkitekturen osv.



Stålverket.

(Foto: Ukjent)



STRAND KOMMUNE



Kraftstasjonen i Dalen


(Foto: Strand Historielag)

Kraftstasjonen i Dalen (Kart: 46)

Kraftstasjonen i Dalen vart bygd då ein bestemte seg for å full-elektrifisere verket. Avgjerdsla om full elektrifisering botna delvis i at kolprisen hadde stige kraftig sidan 1. verdskrigen braut ut, og at krigen hadde ført til sviktande tilførsel. I 1916 måtte verket fyre med tjære i staden for kol (Maaland 2017:35). Produksjonsforholda ville med andre ord bli meir stabile ved bruk av elektrisitet.



STRAND KOMMUNE



Direktørbusstaden til venstre, Rosehagen og støyperisjefen sin bustad til høgre (Foto: Angunn Skeiseid)

Bustader for Verket sine direktørar og funksjonærar (Kart: 47)



Verkshotellet

(Foto: Kristofer Ryde)

Verkshotellet (Kart: 48)

Verkshotellet vart oppført i 1915 og var til disposisjon for verket sine gjestar og funksjonærar. Arrangement her var berre for funksjonærane ved Stålverket og familiane deira.



Svenskebyen

(Foto: Kristofer Ryde)

Svenskebyen (Kart: 49)

På denne tida var det vanleg at industribedrifter bygde bustader for arbeidarane sine, som ein måtte å tiltrekke seg naudsynt arbeidskraft på. Den såkalla "Svenskebyen" var eit bustadfelt for verksarbeidarar og deira familiar, oppført i 1919. Bakgrunnen for namnet var at det var mange svenske fagarbeidarar som kom til Jørpeland og som fekk bustad her.

Husa er bygde i jugendstil som i Norge prega bygg frå 1890- 1920. Mansardtaket vart eit kjenneteikn på jugendstilen (Drange et al., 2011:74).

Det var såpass avstand mellom husa slik at arbeidarfamiliane hadde tilgang til ein hageflekk og hadde det grønt rundt seg, noko som må ha verka positivt inn på trivselen.



Frå Svenskebyen. Der bilane står parkert, var det før fotballbane.

(Foto: Angunn Skeiseid)



STRAND KOMMUNE



Folkets hus, Jørpeland

(Foto: Angunn Skeiseid)

Folkets hus (Kart: 50)

Ettersom Jørpeland fekk eit aukande innslag av arbeidarar, vokste også tanken om – og behovet for – eit Folkets hus fram. Det vart samla inn pengar, tomt kjøpt og i 1924 starta ein å grave tomta.

Byggearbeidet vart utført av arbeidarane sjølv. Året 1927 vart rekna som det eigentlege innviingsåret for Folkets hus på Jørpeland. (Alsvik :252ff.)

For vidare lesing om Stålverket og utviklinga på Jørpeland kan ein lese om dette i Harald Maalands bok (2017):

Stålverket som støpte et samfunn

Målsettingar:

Ta vare på og sikre det som er igjen av dei historiske bygningane knyta til Stålverket, gjennom gode reguleringsplanar.

Tiltak:

- Utarbeide ein verneplan for bygningar og areal som er knytta til Stålverket.
- Regulere området til omsynssone.
- Sette opp skilt ved sentrale, utvalde bygg og lage ei turløype i byen.
- Lage eit pedagogisk opplegg som er knytta til nyare tids historie – industrioppbygging.
- Rehabilitera Folkets Hus



STRAND KOMMUNE



Bilde av skiltet i Kvednanesvegen

(Foto: Angunn Skeiseid)

Immaterielle kulturminne – stadnamn og stadar

Stadnamn er ein kategori kulturminne som sorterer under dei immaterielle kulturminna. I tidlegare tider hadde nesten kvart eit nes og jordstykke sitt eige namn. Dette var ein måte å navigere i landskapet på før ein fekk detaljerte kart og GPS.

Stadnamna kunne seie noko om kva arealet vart nytta til (til dømes Vaskeplassen), kven som budde der (Ingridneset, Svenskebyen), kven som eigde eit område (Wallem sjordet) eller det kunne vere naturnamn.

Stader i landskapet der det har skjedd ei særskilt hending kan også gå under omgrepene immaterielle kulturminne. I Strand har vi valt ut Holtahøia som eit slikt objekt.

For vidare lesing: Peter Barkved "Stedsnavn i Strand", Inge Særheim "Stadnamn i Rogaland"



STRAND KOMMUNE



Holtaheia

(Foto: Kristofer Ryde)

Holtaheia (Kart: 51)

I Holtaheia var det ei flyulukke 9.august 1961. 34 engelske skulegutar, to lærarar og eit flymannskap på tre omkom. Det er i dag sett opp minnesmerke i området og det er merka tursti til åstaden for ulukka.

Målsettingar:

Ta vare på, få formidla og bruke stadnamna ein har.

Tiltak:

- Digitalisere og formidle innsamla stadnamn frå Strand
- Kartfeste og setje dei gamle namna på kart, eksempelvis når ein lagar kultursti-kart.
- Bruke dei gamle, ”originale” stadnamna når ein skal setje namn på nye gater og stader i kommunen.
- Vedlikehalde turstien til minnesmerket frå flyulukka i Holtaheia.

4. Handlingsprogram – prioriterte tiltak

Tiltak	Gjennomføres	Kostnad	Finansiering	Ansvar og oppfølging	Samarbeidspartner
Utarbeide ein heilskapleg skiltplan for alle kulturstiar.	2018 - 2020	200 000	Kultur	Kultur	Park og grønt
Etablere ein bygningsvern / byggeskikkpris.	2018	10 000 årlig.	Frå budsjett Bygg og eiendom	Bygg og eiendom	-
Samla inn og digitalisera stadnamn.	2018	0	-	Plan og forvaltning	Kultur
Setta i stand kvernhusa i mølleparken på Tau og gjera dei lettare tilgjengelege.	2018	1.2 mill	Eigne midlar og eventuell stønad frå andre instansar.	Bygg og eiendom + Kultur	Ryfylke-museet og stiftelsen Tou Brug.
Utarbeide skjøtselplan for utvalde fornminnefelt.	2018 - 2020	20 000	Kultur	Kultur + Park og grønt	Grunneigarar
Få produsert eit kart (digitalt og for trykk), som viser kommunen sine viktigaste kulturminne.	2018	5000	Kultur	Park og grønt + Kultur	Plan og forvaltning
Rehabilitera Folkets Hus	2019 - 2022	Må utredast	Bygg og eiendom	Kultur	-
Oppgradere turstiar tilknytta viktige kulturminne	2019 - 2020	100 000	Allereie i øk. plan	Park og grønt	Grunneigarar
Utarbeide pedagogiske opplegg til bruk for skuleverket for Strand kulturminnefelt, Tou Brug og Stålverket/Jørpeland.	2019	0	-	Lærarar ved barne- og ungdomsskulane i Strand	Eksterne konsulenter



Tiltak	Gjennomføres	Kostnad	Finansiering	Ansvar og oppfølging	Samarbeidspartner
Etablara rutinar som sikrar at innspel om kulturminne - verdiar, som blir avdekka gjennom f.eks. planarbeid, byggesaker, kontakt frå innbyggjarar og interesse - organisasjonar og lignande, vert samla inn og gjort tilgjengeleg for neste rullering av kulturminneplanen.	0	-	Kultur	Kultur	Plan og forvaltning
Lage retningslinjer for korleis reguleringsplanar og byggesa-ker skal handsamast når det er kulturminner involvert.	0	-	Kultur	Kultur + plan og forvaltning	Kultur + plan og forvaltning

5. Plan og Lovverk

Kulturminnevernet kan heimlast i hovudsakleg tre lover.

- Kulturminnelova
- Plan- og bygningslova
- Naturmangfaldslova

Kulturminnelova.

Formålet med kulturminnelova er å verna kulturminner og kulturmiljø med deira variasjon og eigenart, både som ein del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Lova slår fast at det er eit nasjonalt ansvar å ivareta desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemnd.

- I §4 heiter det at alle faste kulturminne frå oldtid til mellomalder fram til 1537 er automatisk freda. Det same er dei til ei kvar tid ståande byggverka frå perioden 1537- 1649, dersom ikkje anna er bestemt av rette styresmakt (Riksantikvaren).

- Jamfør lova sitt kapittel V kan departementet og freda nyare tids kulturminne gjennom enkeltvedtak. Dette er særleg aktuelt for bygningar og anlegg, eller deler av slike, som har stor arkitektonisk eller kulturhistorisk verdi. Fredningsvedtak kan og gjelda for fast inventar som skap og ovnar, og i særskilde høve og større, laust inventar.

- Lova gjev også høve til å frede heile kulturmiljø, der kulturminna inngår i ein større heilskap eller samanheng. Det er Riksantikvaren som eventuelt fattar slike vedtak, etter ein omfattande prosess der mange partar, også eigar, er med i høyringsrunden.

- Når det gjeld nyare tids kulturminne, pliktar kommunen etter Kml §25, 2. ledd å sende søknad om riving eller vesentleg endring av eit ikkje freda bygg eller anlegg som er oppført før 1850, til rette styresmakt seinast fire veker før søknaden skal avgjerast.

- Kommunen skal etter bestemminga søkje om å få bevart eit byggverk sitt ytre når det har ein historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi. Eit permanent vern må i så fall bli etablert gjennom regulering (omsynssone).



STRAND KOMMUNE

Plan- og bygningslova

Denne lova skal først og fremst regulere kommunen si utnytting av areal og krav til byggverk, men ho skal også gje grunnlag for vern av ressursar og sikre estetiske omsyn.

Vern etter plan og bygningslova vert gjort i samband med areal-/reguleringsplan, der eit verneverdig område vert regulert til omsynssone. Ei slik regulering kan brukast for å sikre eit objekt eller område som er verdifulle i lokal og regional samanheng.

Dispensasjon:

Vilkår for dispensasjon er at det må ligge føre særlege grunnar for dispensasjon. Slike grunnar er i første rekke knytte til areal- og ressursdisponeringsomsyn og kor inngripande desse vil vere for miljøverdiar, her under kulturminnevern.

Naturmangfaldslova

I §33 (mål for område vern) heiter det blant anna at verneområde på land, i vassdrag og i sjø skal bidra til bevaring av a) variasjonsbreidd av naturtypar og landskap, e) område med særskilte naturhistoriske verdiar, f) natur prega av menneske sin bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har naturhistoriske verdiar, og tilrettelegging for bruk som bidreg til å oppretthalde naturverdiane, g) økologiske og landskapsmessige samanhengar nasjonalt og internasjonalt.

Lova skal forhindre at det skal setjast i gang tiltak som i vesentleg grad kan endre landskapet sin art eller karakter.

Ansvarsstyresmakte

Kulturminneforvaltninga er fordelt på ulike offentlege instansar og nivå:

Miljøverndepartementet (MD):

- utarbeider overordna retningslinjer for kulturminnevernet og foreslår lovendringar, fortolkningar og forskrifter.
- har ansvar for vernepolitikken og verkemiddel knytte til denne.

Riksantikvaren (RA)

- har direktoratansvar for heile kulturminnevernet: forvaltinga, igangsetjing og koordinering av tiltak.
- gjer fredingsvedtak, eventuelt opphevar desse og gjev dispensasjonar er dispensasjonsstyremakt i høve til automatisk freda kulturminne.
- utformar retningslinjer for innpassing av kulturminne i fysisk planlegging og for vedlikehald og skjøtselsarbeid.

Fylkeskommunen:

- har mellom anna ansvar for å ivareta verneinteresser i samband med freding eller dispensasjon frå kulturminnelova.
- skal rapportere status for freda kulturminne, følgje opp Stortinget sine prioriteringar, MD sine nasjonale målsettingar, retningslinjer og strategiar.
- tek del i arbeid kring skjøtsel og formidling og skal vere rettleiingsinstans for kommunane.

Kommunen:

- har i dag ikkje noko formelt mynde eller direkte ansvar for kulturminna etter kulturminnelova, men skal likevel sjå til at kulturminneinteressene og – omsyn vert ivaretakne i kommune- og reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova.
- kan vere svært sentrale samarbeidspartnarar for forvaltinga på mange måtar, blant anna gjennom å ta på seg skjøtselsoppgåver i samarbeid med kulturminnemyndighetene.




6. Kart

Liste over alle kulturminne sortert etter gardsnummer

	gnr	bnr	kart	sefrak/askeladden
Voster kyrkjestad	5	26	3	AskeladdenID 85869-1
Väningshus, Fiskå ("Bakken")	6	89	10	11300210023
Eldhus, Fiskå ("Bakken")	6	89	11	11300210024
Sveitsarvilla ("Fredheim"), Fiskå	6	2	12	11300210018
Skulehus på Fiskå	6	37	32	11300210021
Sveitsarvilla, Vervik	9	1	13	11300209016
Väningshus/Folgehus, Vervik (Brattsteinen)	9	3	14	11300209028
Uthus, Vervik (Brattsteinen)	9	3	15	11300209030
Replika/kopi av Kjøleviksteinen (runestein)	11	20	4	
Kai - Alsvik,	13	12	35	
Väningshus, Ugeli	15	1	16	11300205002
Folgehus, Ugeli, Midtgangshus	15	1	17	11300205001
Eldhus/uthus, Ugeli	15	1	18	11300205004
Bygdeborg – Borgåsen	16	2	2	AskeladdenID 5432
Väningshus, Tau	16	52	19	11300205008
Direktørbusstaden ved Tou brug	16	9	44	11300203004
Silo til kraftfor ved Tou Brug	16	9	43	11300203011
Kvernhus, Tau	16	9	20	11300203010
Kvernhus, Tau	16	9	20	11300203009
Kvernhus, Tau	16	9	20	11300203008
Ferjekaien på Tau	16	234	36	
Tau fort og Tyskarvegen	16	2	38	
Holtahøia	25	60	51	
Løbrekk, gardsanlegg frå folkevandringstida	31	1	6	AskeladdenID 34902-1
Prestegården	31	1	8	11300202011
Skulehuset Breidablikk	31	1	31	
Førhistoriske gravminne og kyrkjestaden på Strand	32	14	5	AskeladdenID 85590-1
Väningshus/Lensmannsgården, Solbakk	34	24	21	11300201025
Väningshus, Åsen	39	2	22	11300201016
Väningshus, Åsen	39	2	23	11300201014
Helleristningane på Solbakk	41	59	1	AskeladdenID 5451-1
Vegfar, Nag	41	fleire	37	
Skålgrøpene i Kuviga (Nag)	41	11	52	AskeladdenID 44933
Båtstø-anlegget i Kuviga (Nag)	41	1/11/15/17	53	AskeladdenID 54239-1
Helleristningane i Littlevik (Nag)	41	11	54	Kulturminne ID24593-1
Bautasteinen på Nag	41	10	55	AskeladdenID 72269-1
Bedehuset på Barkved	43	36	33	11300114001
Lærarboligen Fjeldshagen (Frøken Bryn-huset), Jørpeland	44	28	30	11300108002
Jørpelands Brug	49	5	40	11300110009
Kraftstasjonen på Jørpeland	49	655	41	
Vågabakken, Jørpeland	49	693	42	
Stålverket, Jørpeland	49	703	45	
Kraftstasjonen i Dalen	49	86	46	
Bustader for Verket sine direktørar og funksjonærar	49	699/700/610	47	
Verkshotellet	49	614	48	
Svenskebyen	49	fleire	49	
Folkets hus	49	99	50	
Väningshus, Selemork	52	1	24	11300104001
Gravrøyser og steinalderlokalitet på Jørpelandsholmen	53	31	7	AskeladdenID 214046-1
Naust ved Tungland	53	249	25	11300103003
Tun på Tungland – väningshus	53	177	28	11300103005
Tun på Tungland – uthus	53	177	28	11300103007
Tun på Tungland – løe.	53	177	28	11300103006
Wathne-garden,	56	7	29	11300104011
Saga i Botne	57	2	39	
Løe, Erlandsdalen	60	2	27	11300102033
Bedehuset i Kvalvåg,	61	1	34	
Väningshus, Idse	63	10	26	11300101004
Väningshus, Idse	63	5	26	11300101001
Väningshus, Døviga	67	2	9	11300211018




Oversiktskart






Voster Gravplass






Fiskå






STRAND KOMMUNE







STRAND KOMMUNE






STRAND KOMMUNE









STRAND KOMMUNE








STRAND KOMMUNE












STRAND KOMMUNE





STRAND KOMMUNE









STRAND KOMMUNE


Saga i Botne






STRAND KOMMUNE









STRAND KOMMUNE

7. Kilder

Aanensen, H., Brænne, J. & Drange, T. 2011. Gamle trehus. Historikk, reparasjon og vedlikehold. Gyldendal, Oslo.

Alsvik, J. 1991. Strand bygdebok 1870 - 1940. Hafrsfjord forlag, Stavanger.

Alsvik, J. 1991. Strand bygdebok 1940 - 1945. Hafrsfjord forlag, Stavanger.

Alsvik, J. 1995. Folk i Strand I. Hafrsfjord forlag, Stavanger.

Alsvik, J. 1995. Folk i Strand 2. Hafrsfjord forlag, Stavanger.

Barkved, H. 1975. Soga um Strand, Dreyer aksjeselskap, Stavanger.

Hus, A.E. 2005. "Skjøtselsplan for Prekestolhyttaområdet", upublisert bacheloroppgåve.

Maaland, H. 2017. Stålverket som støpte et samfunn. Wigestrond forlag.

Tjeltveit, N. 1993. Bygda sitt hjarta. Båtstoppestader i Ryfylke. Ryfylkemuseet.

Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv 2015.

Kulturhistoriske registreringer-områderegulering for Jørpeland sentrum (Jørpelandsholmen)

Internett:

www.ra.no

www.strandhistorie.no

www.strand.kommune.no

www.ovf.no

<http://norsk-fartoyvern.no>

<http://www.idsal.org>

Takk til komiteen som har laga denne planen:

Angunn Skeiseid, Rogaland Fylkeskommune

Egil Svendsen

Tordis Tau Lunde

Tom Steinsvåg

Snorre Walde

Marie Jøssang

Ola Barkved

Reidunn Lea Botnehagen, Strand kommune

Anita Ellefsen Hus, Strand kommune

Åge Eivind Aslaksen, Strand kommune

Valvik, K.A. 2017. Temarapport kulturminner og kulturmiljø. Kommunedelplan

Nordmarka 2016-2050. Asplan Viak.

Layout og design: Espen Amdal